


Oppdrag: C-767A

Rapport nr: 1

VEG E18 - KROKODDEN. GEOLOGIEN I HØN-  
FUSDAL-GULLHELLA OMråDET, ASKER



Vegdirektoratet  
**Veglaboratoriet**



Gaustadalleen 25, Postboks 6390 Etterstad, Oslo 6      Tlf. (02) 63 99 00

fylke: Akershus  
anlegg:  
parsell: E18 (Høn-Fusdal)-Gulhella  
profil:  
UTM-ref.: NM810330 (18141 Asker)  
seksjon: 46 - Geologisk  
saksbehandler: P. Hagelia  
dato: 1990-04-25 / JFB



VEGLABORATORIET

## rapportsammendrag

	Intern rapport
X	Laboratorierapport
	Oppdragsrapport

N = ny O = oppdatert	111 A   Rapportstatus*) N   Seksjon/fylke 46   Projekt   Gruppe:	nr. C-767A nr. 1	
O = oppdaget	123 4 5 21   31   41   51   61   71		
O = oppdaget	TITTEL 212 A   Veg E18 - Krokodden. Geologien i Høn-Fusdal-Gullhella området, Asker		
K = konferansebidrag A = artikkel	SAKS-BEHANDELER 221 A   Navn P. Hagelia   Institusjon Veglaboratoriet		
F = forskning og utvikling FoU = forskning og utvikling F = forskrifter/normaler	RAPPORT DATA 421 A   Rapporttype**) O   Dato 1990-04-25   Erstatter rapport nr: B   Totalt sidetall 21   Språk Norsk C   Antall fotos 13   Ant. figurtegn 1   Ant. litt.henv. 12 D   Sammendrag i andre språk   UTM ref. NM810330		
Sammendrag	SAMMENDRAG 511 A   I samband med muleg ny vegtrase mellom E18 i Asker og storflyplass på Hurum, er det gjort geologisk overflatekartlegging med tanke på tunnelprosjekt i området Høn-Fusdal-Gullhella, Asker.  Eventuelle tunnelar i dette området vil gå i kalksteinar, skifrar og (kalk-)sandsteinar. Desse er omvandle til hornfels i Bondi-Gullhella området. Det finst elles ein del spreidde diabasgangar.  Q-verdiar viser at dei største stabilitetsproblema vil vere knytta til skifrar (Q = ca. 1-8; dårlig til middels berg). Kalkstein og sandstein representerer godt berg (Q = ca. 10-20-(45)). Hornfels gir tilsvarende Q-verdiar (Q = ca. 10-25-(57)).  På bakgrunn av dominante sprekkeretningar, forkastningar, berg-kvalitet og topografiske forhold ser det ut til at ein tunneltrase Fusdal (E18) - Bondi-(gjennom hornfels)- Gullhella, peker seg ut.  Det er muleg at hornfels vil gje noko større lekkasje enn uomvandla sediment.  I det kartlagte området er det ein del lausmassar som kanskje dekker over djuprenner og svakhetssoner.  Vidare undersøkingar bør omfatte grunnboringar, vasstapsmålingar særleg i hornfels, og seismikk. gjeme Vi kjem tilbake med ein meir detaljert undersøkingsplan.		
FAG-OMR.	IRRD kode		
611 A   Grunnundersøking, berg   41.3			
611 B   Tunnelprosjektering   25			
621 A   Geologi   4053			
621 B   Oppsprekking   5211			
621 C   Tunnel   3374			
621 D   Q-verdier/bergstabilitet   5930			
621 E   Lekkasje   4315			
621 F   Kambro-silur   4081			
621 G   Diabas   4125			
621 H			

INNHOLD	SIDE
1. INNLEIING.....	3
1.1. Generell bakgrunn.....	3
1.2. Målsetting for dette arbeid.....	4
2. TIDLEGARE ARBEID.....	4
2.1. Generell geologi.....	4
2.2. Erfaringar frå kloakk tunnelen mellom Oslo og Slemmestad (VEAS tunnellen).....	7
2.2.1. Introduksjon.....	7
2.2.2. Stabilitetsproblem.....	7
2.2.3. Lekkasjeproblem.....	8
2.2.4. Leirsoner.....	8
3. FELTARBEID I OMRÅDET HØN-FUSDAL-GULLHELLA.....	9
3.1. Tidspunkt og vektlegging.....	9
3.2. Resultater.....	9
3.2.1. Topografi og lausmasser.....	9
3.2.2. Bergartar.....	10
3.2.3. Oppsprekking.....	11
3.2.4. Strukturgeologi.....	12
4. BERGKVALITET I LYS AV Q-VERDIAR.....	13
4.1. Kort om Q-metoden.....	13
4.2. Resultater.....	14
4.2.1. Kalkstein og sandstein har høgare Q-verdiar enn skifer.....	14
4.2.2. Q-verdiar i hornfelssona.....	15
4.2.3. Oppsummering.....	15
5. DISKUSJON.....	15
5.1. Generelt.....	15
5.2. Topografiske forhold.....	16
5.3. Ingeniørgeologiske forhold.....	16
5.3.1. Store forkastningar; to hovudkorridorar.....	16
5.3.2. Alternative påhoggsområde langs strekningen Høn-Fusdal.....	16
5.3.3. Vurdering av bergrunnen i dei to korridorane.....	16
6. KONKLUSJON.....	17
7. FORSLAG TIL VIDARE UNDERSØKINGAR.....	18
Referansar.....	19

## VEDLEGG

Vedlegg 1. Utrekning av Q-verdiar

Vedlegg 2. Tabellar for å bestemme Q-verdiar

Vedlegg 3. Tolking av stereonett

Vedlegg 4. Bygging av vegg tunnelar

- Tegning nr. C-767A-01: Tunneltrasear vurdert av NGI.
- 02: Geologisk oversiktsskart over området Asker-Krokodden.
  - 03: Histogram over sikringstiltak i VEAS tunnelen.
  - 04: Geologisk kart over området Høn-Fusdal-Gullhella med lokalitetsnummmer.
  - 05: Geologiske profilar A-A' og B-B'.
  - 06: Geologisk profil C-C'.
  - 07: Strukturelle subområde, sprekkar og traseforslag.
  - 08: Sprekkerose, subområde 1.
  - 09: Sprekkerose, subområde 2.
  - 10: Sprekkerose, subområde 3.
  - 11: Sprekkerose, subområde 4.
  - 12: Stereografisk nett.
  - 13: Q-verdiar som funksjon av bergartsetasje og avstand til hornfelsgrensa.

## 1. INNLEIING

### 1.1. Generell bakgrunn

I samband med bilveg mellom E-18 i Asker og mogleg storflyplass på Hurum er det lagt fram 6 ulike ideutkast som omfattar i alt 11 alternative trasear (Bruer 1988, Taubøl og Øverland 1988, Scandiaplan A.S. 1988, ViaNova 1988, NPC Samferdsel A.S. 1988, Statens Vegvesen Buskerud 1988). Resultat av høringar tyder på at alternativ 3c ved Leangenbukta (Scandiaplans alt. 3) og alternativa 1 (Bruers alt.) og 6b (NPCs alt. 2), dvs. vestre linjer i Asker, ikkje er aktuelle (N. Rygg pers. komm. 1990). Det ser derfor ut til at ein endeleg trase vil ligge på austsida av Bondivannet og Gjellumvannet, og i god avstand frå Oslofjorden (tegn. nr. C-767A-01).

Felles for alle aktuelle alternativ er at dei tar sikte på å føre trafikken frå E-18 mot Hurum gjennom relativt lange tunnelar under tettbygde strøk i Asker. Alternativ 5 er det einaste som tar utgangspunkt i Holmenkrysset, medan dei andre linjene i den mest aktuelle korridoren har tilknytning til E-18 i Høn området (tegn. -01). Pr. dags dato kan det sjå ut til at trase nr. 2, med eventuelle justeringar, peker seg ut. Det ligg likevel ikkje føre noko vedtak (samttale med N. Rygg jan. 1990).

Asker kommune har ønske om å få vurdert tunnelpåhogg ved Fusdalskrysset, ca 1 km sørvest for Høn (samttale med J. Tysseland jan. 1990).

Det fleste av linjealternativa fell stort sett saman med linje 2 i området sør for Gullhella (aust for Gjellumvannet). Linje 5 ligg noko lengre aust (ViaNova 1988). Dei største avvikna mellom linjealternativa er i det tettbygde området sør for Fusdal-Høn og nord for Gullhella, og det er her dei lengste tunnelane vil måtte byggast (tegn. -01).

Heile dette området er dekt av geologiske kart i skala 1:5000 (J.F. Bockelie upublisert).

Norges Geotekniske Institutt (NGI) har gitt ei ingeniørgeologisk vurdering av fem av dei mest aktuelle veg-/tunneltraseane (tegn. -01). NGI rapporten (Grimstad og Løset 1989) behandler stabilitets- og tetthetsproblem, og bygger på vurderingar av bergartar, strukturgeologi og sikringsmengder i kloakktunnelen mellom Oslo og Slemmestad (tegn. -01). Erfaringane frå denne fullprofilbora tunnelen har stor verdi for eventuelle tunnelprosjekt sør for Asker sentrum, då ein stort sett har same bergartstyper her. NGI sine resultat er oppsummerte i kapittel 2.

## 1.2. Målsetting for dette arbeidet

I samråd med A. Grønhaug og N. Rygg ved Veglaboratoriet blei det bestemt at geolog P. Hagelia skulle gjøre geologisk kartlegging i Høn-Fusdal området, særleg med tanke på tunnelpåhogg. Val av påhogg kan ikke sjåast isolert frå geologien sørover, og det var derfor i første omgang nødvendig å kartlegge fram mot Gullhella.

Målsettinga for dette arbeidet var å:

- a) oppsummere tidlegare relevant arbeide
- b) utføre geologisk kartlegging i området Høn-Fusdal-Gullhella med særleg vekt på sprekkemålingar, forkastningar/svakhetssoner og bergstabilitet
- c) vurdere tunnelpåhogg ved E-18 (Høn-Fusdal, nær Asker sentrum) og optimale tunnelkorridorar frå E-18 mot Gullhella.

Denne rapporten bygger på geologiske data aleine, og det er ikke tatt med eksplisitte økonomiske vurderingar.

Til slutt er det summert opp forslag til vidare undersøkingar.

## **2. TIDLEGARE ARBEID**

### 2.1. Generell geologi

Berggrunnen mellom E-18 i Asker og Hurum er danna i fleire tidsepokar ved tildels veldig ulike geologiske prosessar. Grovt sett kan ein dele bergrunnen i tre hovudregionar:

- a) Høgmetamorfe prekambriske gneisar (området Slemmestad-Krokodden-Åros, nr. 5, tegn. -02)
- b) Nærmast uomdanna til kontaktmetamorfoserte kambro-siluriske kalk- og leirsteinar (området omkring Asker, aust for Gjellumvannet og ned til Slemmestad; nr. 1, 2, 3 på tegn. -02). Denne sedimentsekvensen inneheld også alunskifer ved og sørvest for Slemmestad (nr. 3, tegn. -02).
- c) Drammensgranitten, ein relativt grovkorna permisk intrusiv bergart (området vest for linja Gjellumvannet- Krokodden og sør for Krokodden-Åros).

Den kambro-siluriske lagrekka blei avsett på prekambriske gneisar og så folda omkring aust-nordaustlege foldeaksar i Kaledonsk tid. Lagrekka stryker aust-nordaust og faller mot nordvest og søraust.

Deretter blei Oslo Graben danna under høg tektonisk og magmatisk aktivitet. Drammensgranitten hører til denne siste viktige epoken, saman med ein del gangbergartar ("eruptivgangar"). Dei viktigaste gangbergartane er diabas (gjerne steile nord-sør gåande, ofte 0,1-15 m mektige), mænaitt og syenitt (oftast parallele med lagstillinga til dei kambro-siluriske sedimenta).

Omkring Drammensgranitten er kambro-siluren kontaktmetamorfosert i ei ca. 1-2,5 km brei sone. Her er kalk-og leirsteinar/-skifrar omdanna til hornfels ved rekrystallisasjon under høg temperatur ("steikt" av Drammensgranitten).

Forkastningar. Dei to viktigaste forkastningane er Sems-vannet-Bondivannet-Krokodden forkastninga og Skaugum-Gullhella forkastninga (tegn. -02). Dette er nord-sørgåande normalforkastningar der dei austre blokkene har sunke inn (Ramberg og Larsen 1977). I sør har forkastningane forgreiningar, men nordover gjennom det aktuelle området var deformasjonen meir fokusert og resulterte i to parallelle bruddsoner.

I tillegg er det aust-nordaust gåande "strøkforkastningar" som både følger og kutter den sedimentære lagrekka (sjå Lien og Løset 1983).

Området Høn-Fusdal-Gullhella (kartlagt område; tegn. -02) er lokalisert til kambro-siluriske kalkar og skifrar, og er avgrensa i vest av Semsvannet-Bondivannet-Krokodden forkastninga. Den sørvestlege delen ligg innanfor hornfelssona. Skaugum-Gullhella forkastninga går gjennom dette området. I følgje Bockelies geologiske kart forkommer det ein del diabasgangar. Alunskifer er ikkje representert.

Tabell 1 gir ein samla oversikt over dei kambro-siluriske bergartane som det blir referert til i dette arbeidet. Tradisjonelt er desse delte inn i "etasjar" på bakgrunn av fossilinhald og litologi. Tabellen er ordna stratigrafisk; etasje 7 er avsett på etasje 6, e.t.c.

Tabell 1. KAMBRO-SILURISKE BERGARTAR REFERERT TIL I  
DETTE ARBEIDET

Etasje	Bergartstype
7	Massiv kalkstein.
6	Vekslande innhold av kalkstein og skifer varierer på cm - dm skala. Enkelte soner er kalkrike, vanlegvis dominerer skifer.
5b	Kalksandstein og sandstein.
5a	Kalkstein.
4dγ	Kalkstein.
4dβ	Skifer.
4dα	Kalkstein.
4cγ	Skifer.
4cβ	Knollekalk.
4cα	Svart skifer.
4bδ	Kalk med skifer (knollekalk).
4bγ	Gråsvart skifer.
4bβ	Knollekalk.
4bα	Brun skifer.

## 2.2. Erfaringar frå kloakktunnelen mellom Oslo og Slemmestad (VEAS-tunnelen)

### 2.2.1. Introduksjon

Kloakktunnelen mellom Oslo og Slemmestad (Vestfjorden avløpselskap = VEAS) går gjennom kambro-siluriske skifrar og kalksteinar. Tunnelen ligg nære Oslofjorden i god avstand ( $> 1 \text{ km}$ ) frå hornfelssona omkring Drammensgranitten (tegn. -01 og -02).

Det er laga ei omfattande samanstilling av data, både frå tunnelnivå (Lien og Løset 1983, Grimstad og Løset 1989) og frå overflatekartlegging av same traseen (Kveen 1987). Sjøl om VEAS tunnelen er fullprofilbora, så er erfaringane med drift og sikring viktige også for sprengte veggunnellar i same type bergartar.

I NGI-rapporten, gjort på oppdrag frå Statens vegvesen i Akershus for å vurdere 5 tunnelalternativ gjennom Asker (Grimstad og Løset 1989), er det lagt særskild vekt på stabilitet (og i mindre grad tetthet) i;

- a) dei enkelte bergarts-etasjane, der etasjane 4 og 6 er rekna som dei minst stabile
- b) forkastningar
- c) eruptivgangar.

Rapporten vurderer derimot verken påhoggsområde eller fjelloverdekning.

Tunnelalternativa (tegn. -01) er rangerte;

- |                                   |             |
|-----------------------------------|-------------|
| 1. Trase 5 (med mindre endringar) | - best      |
| 2. Trase 6a                       | - middels   |
| 3. Trase 2 og 7                   | - middels   |
| 4. Trase 3a                       | - dårligast |

Det er likevel forholdsvis liten forskjell på dei 5 traseane når det gjeld bergartstyper og strukturgeologi (Grimstad og Løset 1989).

### 2.2.2. Stabilitetsproblem

I VEAS tunnelen var det totalt sett nødvendig med 7 % stabilitetssikring.

Både strøkforkastningar (ofte med nokre dm tykke leirsoner) og N-S gåande tverrforkastningar (relativt få, men breie og meir eller mindre leirrike) fører til dårlig stabilitet.

For heile VEAS tunnelen (Oslo-Slemmestad) viste det seg at av strekningar med eruptivgangar og tilknytta svakhetssonar i sidebergartane krevde ca. 30 % stabilitetssikring. Kalksteinsetasjar krevde minst sikring (ca. 3 % av totalstrekning av desse), og etasje 7 er klart den mest stabile (2,6 %). Skifrar i etasje 4 og

den skiferrike etasje 6 krevde ca. 7,5 % stabilitets-  
sikring (Lien og Løset 1983) (sjå histogram tegn. -03  
A).

For delstrekningen Holmen-Slemmestad, som går gjennom  
dei same laqa som området Asker-Gullhella, er  
sikringsmengdene lågare enn totalt for VEAS tunnelen.  
Alle typer sikring (dvs. både stabilitetssikring og  
vassikring) utgjør her 4,2 % av delstrekningen.  
Tegn. -03 B viser stabilitetssikring pr. etasje og  
bygger på data frå Grimstad og Løset (1989). Også her  
ser ein at skiferrike etasjar (4 og 6) krever mest  
sikring, medan kalkstein og kalksandstein (etg. 7 og  
5b) er mest stabile. Talet på eruptivgangar minkar  
sørover (1 pr. 240 m mellom Holmen og Slemmestad).

Ein må generelt rekne med noko høgare sikringsmengder i  
ein sprengt vegtunnel.

### 2.2.3. Lekkasjeproblem

Eruptivgangane er stivare enn sidebergartane og derfor  
ofte meir oppsprukne. Særleg dei N-S gåande  
diabasgangane har ført til større lekkasjar. Bare 30 %  
av gangane er tette, medan 40 % har ført til "store"  
lekkasjar (Grimstad og Løset 1989).

Forkastningssonene er ofte leirførande og tette, men  
på grunn av sterkare oppsprekking i sideberget langs  
forkastningar (særleg under djuprenner) er likevel  
lekkasjane her større enn elles.

I tegn. -03 B er gjennomsnittlege injeksjonsmengder frå  
delstrekningen Holmen Slemmestad (data frå Grimstad og  
Løset (1989) presentert. Etasje 7 (massiv kalkstein) er  
den bergarten som krev minst vassikring. Etasje 5b som  
er ein relativt stiv kalkholdig sandstein, krevde dei  
største injeksjonsmengdene. Det blei også registrert  
ein god del lekkasje i etasje 6.

Hornfels, som er ein veldig stiv bergart, vil truleg  
vere meir lekk enn tilsvarande uomvandla kambro-  
siluriske bergartar fordi den sprekker lettare opp.  
Dette trenger derimot ikkje å føre til større stabili-  
tetsproblem (Lien og Løset 1983).

### 2.2.4. Leirsoner

Grimstad og Løset (1989) rapporterer at det finst leire  
i samband med forkastningar og eruptivgangar. Vanlegvis  
fører desse kloritt og glimmermineraler. Svelleleire er  
ikkje vanleg, men er likevel funne i tilknyting til  
enkelte diabasgangar.

### 3. FELTARBEID I OMRÅDET HØN-FUSDAL-GULLHELLA

#### 3.1. Tidspunkt og vektlegging

Feltarbeidet blei gjort 5/2, 6/2, 26/2 og 19/3 - 1990. Dei to første dagane var det relativt pent overskya ver, med temperaturar omkring 0-3 °C. Tredje dagen var det noko regn og ca. 5-8 °C. 19/3 var det sol med omkring 10 °C midt på dagen. Det var praktisk talt snøfritt i alle periodane.

Under kartlegginga blei det brukt kompass (400°/90° klinometer), hammar, lupe (12x). Xeroxkopiar av J. F. Bockelies kart (på Økonomisk kartverk målestokk 1:5000) blei brukt som grunnlag for all kartlegging. Asker kommune v/Reguleringsvesenet skaffa kopiane til bruk for dette konkrete prosjektet.

Under feltarbeidet blei det lagt vekt på å:

- a) undersøke sprekkeutvikling og sprekkeorientering i ulike bergartstyper
- b) lokalisere diabasgangar og eventuelle andre litologiske trekk som ikkje er kartlagt tidlegare
- c) skaffe grunnlagsdata for å vurdere stabiliteten til dei mest utbreidde kambro-silur bergartane både som relativt uomvandla og som hornfels.

Resultata frå punkt c) er presenterte i kapittel 4. Bergartane i dei sørlegaste delane av området, ved Østenstad og søndre Gullhella, er ikkje studerte i detalj.

#### 3.2. Resultater

##### 3.2.1. Topografi og lausmasser

Det geologiske kartet (tegn. -04) er teikna på Økonomisk kartverk (målestokk 1:5000) og viser bl.a. topografi og område med lausmasser.

Nord for E-18 er det eit høgdedrag (som stiger frå ca. 75-100 m. o. h. til over 150 m norvest for Asker sentrum). E-18 går langs eit søkk, der det er ganske stor overdekning av lausmasser. Det er likevel mange blotta bergryggar som eventuelt kan brukast til tunnelpåhogg (området Høn-Fusdal).

På sørsida av E-18 er det eit ganske slett terren. Her og der stikk det opp aust-nordaust-orienterte bergryggar. Mellom bergryggane er det ofte store område som er dekte av lausmasser. Sør for linja Bondi-Askerhallen-Nedre Bleiker er fjellryggane meir markerte.

Askerelva (ca. 100 m ved Bondivannet til ca. 15 m. o. h. i austre kartgrense) følgjer langs ein brei dal der blotningsgraden avtar frå vest (ved Bondivannet) mot

aust.

Mellom Askerelva og Gullhella er det ein lang austvestleg åsrygg som går opp i over 160 m (i sørvest).

Dei tjukkaste lausmassene finnst truleg under Jørgensletta, Langenga, Askerhallen og nordover mot Fusdal, Askerelva og rett sør for Gullhella.

Området rett aust for Bondivannet dannar eit høgdedrag med forholdsvis god blotningsgrad (bortsett frå Fusdal sør). Vestover mot Oslofjorden skråner terrenget, og her er også dalsøkka meir markerte.

### 3.2.2. Bergartar

Dei ulike kambro-siluriske bergartane kan grovt sett karakteriserast som vist i Tabell 1. Likevel er det noko variasjon innan dei enkelte etasjane.

Etasje 7. Denne etasjen er stort sett av massiv kalk. Den innehold likevel iblant tynne (1-2 cm) lag av skifer. Etasje 7 er utbreidd i området Langkollen-Bleiker, og i eit noko mindre område omkring Bondi (ca. 12 % av det kartlagte arealet).

Etasje 6. Etasje 6 er vanlegvis samansett av leirskifer her og der siltig) med kalksteinslag. Desse veksler på cm-dm skala, og det er oftast mindre enn 50 % kalk. Vanlegvis opptrer skifer og kalk 1-10 cm tjuke band. Skjeldnare dannar kalkstein knollar i skiferen. Kalksteinen dominerer av og til sterkt, som for eksempel ved lokalitet 8 ved Ertesløkka (Fusdal). Etasje 6 utgjør på overflata 50-55 % av det kartlagte området.

Etasje 5. Denne etasjen er delt i to (5a kalkstein og 5b sandstein - kalksandstein). I løpet av feltarbeidet fann eg etasje 5b også i området sør for Bondi. Etasjen er her praktisk talt ein rein sandstein. 5a og 5b er ein god del mindre utbreidd enn 4, 6 og 7 (ref. tegn. -04).

Etasje 4. Etasje 4 er samansett av mange underetasjar og veksler hovudsakleg mellom skiferrike og kalkrike bergartar (ref. Tabell 1). Desse dominerer i søndre del avfeltet og utgjør totalt litt over 25 % av arealet.

Hornfels. Hornfelsgrensa som er merka av på tegn. -04, er overført direkte frå kartet til J.F. Bockelie. Feltarbeidet viser at lokaliseringa av denne grensa er korrekt. Omvandlinga til hornfels er tydeleg i alle kambro-silur bergartane, og den er særskild slåande i "skiffrane". Desse har til vanleg blitt heilt rekrystalliserte, slik at skiffrigheten er totalt utviska. Her er truleg mesteparten av skiktsilikata omdanna til hornblende eller pyroxen.

Diabasgangar. Det er funne ein god del diabasgangar i

området, og desse varierer i mektighet frå <1 dm til 15-20 m. Dei er orienterte NS til ca. N20° og er subvertikale eller heller 75-85° mot aust. Gangane er ofte noko oppsprukne. Sidebergartane er også vanlegvis meir deformerte enn det som er vanleg.

Drammensgranitten. Denne bergarten er ein grovkorna biotittgranitt og forekommer sørvest for Bondivannet. Granitten blei ikkje studert i felt.

### 3.2.3. Oppsprekking

Lagflatesprekkar. Skifrane utanfor hornfelssona er ofte sterkt oppsprukne langs lagflatene. Desse sprekkane varierer i intensitet frå ca. 10 til >> 25 pr. m. Dette er styrt av skiktsilikatmineraler (glimmer, kloritt etc.). Kalksteinane som har veldig lite skiktsilikater har vanlegvis mindre grad av oppsprekking langs lagflatene (ofte 3-5 pr. m). Lagflatesprekkane er ofte plane til bølgjete, særleg i skifrar. Kalksteinane, og særleg etasje 7, har ofte inhomogenitetar i kalken som fører til bølgjete lagflateoppsprekking. Graden av lagflateoppsprekking er det som først og fremst utgjør forskjellen i oppsprekking mellom kalksteinar og skifrar.

Sprekkar på tvers av lagdelinga er stort sett ganske plane og rue, men dei kan også vere noko bølgjete. Det er vanlegvis svak overflate-oksidasjon på sprekkane. Stort sett er det liten forskjell i grad av oppsprekking på tvers av lagdelinga i dei enkelte etasjane. Intensiteten varierer frå ca. 2-6 og er til vanleg minst i etasje 7.

Sprekkeutviklinga i hornfels er ein del ulik det ein ser elles. Mangelen på skiktsilikater har ført til at lagflatesprekkane er mindre framherskande. Sprekkane på tvers av den komposisjonelle lagninga dominerer og dei fleste sprekkane er relativt plane og rue. Omvandlinga til hornfels ser ut til å ha ført til meir einsarta eigenskapar for alle bergartane. Oppsprekkingsgraden ser i liten grad ut til å vere styrt av samansetninga.

Penetrativitet. Sprekkane i uomvandla kalkstein er ofte noko mindre penetrative enn det ein finn i skifrane. I hornfels er sprekkane kanskje noko meir penetrative enn utanfor kontaktaureola. Det må likevel presiserast at dette er eit inntrykk snarare enn eit måleresultat.

Sprekkemateriale er det ofte ganske lite av, sjøl om kalkspat optrer som cement i ein del tilfelle. Dette er typisk for etasje 7 og andre kalksteinar. Det er gjerne små mengder av leirminaler langs lagflatesprekkar i skifrar. Desse kan vere danna ved forvitring på overflata og er kanskje mindre viktige i undergrunnen.

### 3.2.3. Strukturgeologi

#### Kaledonske strukturar

Dei kambro-siluriske bergartane har blitt folda på stor skala omkring subhorisontale aksar. Foldane har bølgjelengder på fleire hundre meter og vekslande amplituder. Det er også observert folding på liten skala (m-dm), for eksempel ved Røykenvegen nær Bondi skole.

Skyvesonene (strøkforkastningane) blei danna i tilknytning til foldinga. I dei fleste tilfella er det snakk om soner på ca. ≤10 m. Likevel tyder observasjonar frå søndre delar av feltet (ved lok 33) at det kan vere fleire parallele plan langs ei sone. Av den grunn bør ein rekne med at fleire av skyvesonene representerer breie svakhetssoner, kanskje på opp til fleire timeter.

Dei geologiske profilane er konstruert normalt på den regionale foldeaksen (tegn. -05, -06 og -07). Tolkinga av undergrunnen er nødvendigvis noko usikker, men bygger på alle tilgjengelege strukturdata. Profilane er konstruerte ved å projisere alle strøk og fallmålingar av lagflater inn i dei respektive profilplana (A-A', B-B' og C-C').

Informasjonen frå profilane er diskutert i kapittel 5.

#### Permiske sprekkar og forkastningar

Alle observerte forkastningar og sprekkesoner er teikna inn på tegn. -04, saman med målte sprekkeplan på ulike lokalitetar og mulege sprekkesoner (ikkje observerte direkte).

Dei nord-sørgåande forkastningane representerer soner med kraftig deformasjon. Skaugum-Gullhella forkastninga, som er sentralt plassert i feltet, er smalare enn forkastninga langs Bondivannet. På grunn av den store graden av overdekning er det vanskeleg å bestemme mektigheten. Vurdert på grunnlag av avstanden mellom nærmeste blotta berg på tvers av sona må ein rekne med minst 10-20 m over det meste av strekningen, og kanskje opp mot 50 m enkelte stader.

#### Subområder

Sprekkeplan er plotta samla på stereonet (tegn. -07), og rosediagram er konstruert for 4 subområde (tegn. -09, -10, -11 og -12). Subområda er vist på tegn. -08, saman med hovudsprekkeretningane innan kvart enkelt;

- a) Subområde 1 dekker området omkring Fusdal, og er avgrensa i vest av dei to store NS-forkastningane og av hornfelsgrensa i sør.
- b) Subområde 2 er avgrensa av dei same forkasningane, og dekker bare hornfels (nord for muleg skyvesone i

- sør).
- c) Subområde 3 er området aust for Skaugum-Gullhella forkastninga og sør til omkring Askerelva.
  - d) Subområde 4 representerer sprekkar knytta til ei markert skyvesone ved Blakstad.

Av rosediagramma ser ein at utviklinga av sprekkesett varierer noko mellom subområda. Lagflatesprekkane er godt utvikla utanfor hornfelsson, og er mest framherskande nær skyvesona i subområde 4.

I subområde 1 er det i tillegg eit dominerande sprekkesett NNV-SSØ, og to mindre viktige omkring h.h.v NS (steile fall møt V og Ø) og VNV-ØSØ (veldig variable fall mot N og S).

Subområde 2, som viser tydeleg færre lagflatesprekkar enn dei andre, har eit markert sprekkesett omkring NS (steile fall mot V og Ø). Mindre sett er orienterte h.h.v. NV-SØ (subvertikale) og NNØ-SSV (steile fall mot V og Ø).

Subområde 3 har også også eit dominerande sett ca. NS (steile), og nokre mindre sett omkring NV-SØ.

Subområde 4, som omfattar langt færre sprekkemålingar enn dei tre andre subområda, har i tillegg til lagflatesprekkane, eit mindre dominerande sett omkring NV-SØ og eit underordna system (tegn. -12).

Kjennskap til dominerande sprekkesett og lagstilling vil kunne bidra vesentleg til å bestemme optimal vinkel for tunneltraseen (ref. kap. 5).

#### 4. BERGKVALITET I LYS AV Q-VERDIAR

##### 4.1. Kort om Q-metoden

Q-metoden er eit klassifikasjonssystem som gir ein numerisk verdi for stabiliteten til bergmasser. Q-verdien er avhengig av 6 parametrar etter formelen:

$$Q = RQD/Jn \times Jr/Ja \times Jw/SRF$$

RQD = oppsprekkingstal  $\approx 115 - 3,3 \times Jv$   
der Jv er talet på sprekkar pr.  $m^3$

Jn = sprekkesett-tal

Jr = tal for ruheten til sprekkane

Ja = tal for styrken til sprekkematerialet

Jw = sprekkevassfaktor

SRF = bergspenningsfaktor

Tal for dei enkelte parametrane er hovudsakleg avhengig av geologiske felldata og kan bestemmas ut frå tabellar gitt i Vedlegg 2 (ref. Lien og Løset 1978).

$Q$  varierer mellom 0.001 og 1000, og formelen er konstruert slik at stabiliteten aukar med aukande  $Q$ -verdi. På dette grunnlaget er det mogleg å vurdere nødvendige sikringstiltak i bergrom.

Erfaringar viser at  $Q$ -verdiar basert på overflatekartlegging vil ligge noko lågare enn dei gjør i tilsvarende bergartar i undergrunnen. Årsaken er ofte forvitring som gjerne er mest omfattande i dagen. Det er derfor grunnlag for å rekne bergrom under rimeleg god fjelloveredekning som noko meir stabile enn det overflatebaserte  $Q$ -verdiar indikerer.

#### 4.2. Resultater

##### 4.2.1. Kalkstein og sandstein har høgare $Q$ -verdiar enn skifer

Dei estimerte  $Q$ -verdiane for bergartane i Høn-Fusdal-Gullhella området er summerte i tegn. -13 og utrekningane er gitt i Vedlegg 1. Variasjonen innan lokalitet representerer frå stad til stad ulike faktorar; det er ikkje alltid like einsarta forhold på ein lokalitet og det er også av og til vanskeleg å bestemme eksakt dei enkelte parametrane. Variasjonen bør behandlast som rimelege tilnærmingar.

Kalksteinar representerer berg av høg stabilitet, og etasje 7 oppnår dei høgste  $Q$ -verdiane. Ifølgje Kveen (1987) hadde denne etasjen omkring 30 i dagen (i VEAS tunnelen). Dette svarar omtrent til snittet av verdiane ( $Q = 10-57$ ) her, og representerer godt berg. Andre kalksteinar (5a og 4bō) har  $Q$ -verdiar på omkring 20.

Etasje 6, med vekslande skiferinnhald har gitt meir varierande  $Q$ -verdiar, og det er klart at jo mindre skiferinnhald jo høgare er  $Q$ -verdiane (ref. Vedlegg 1). For eksempel så har lokalitetane 3 og 4 (mykje skifer (> 50%), og det er her stor grad av oppsprekking langs lagflatene som gir dei låge  $Q$ -verdiane (ca. 1-2; därleg berg). Dei fleste  $Q$ -verdiane for etasje 6, bortsett frå fokuserte svakhetssoner ligg på ca. 5-20 (middels til godt berg). Det er likevel mange skiferrike soner i denne etasjen som ikkje er målte, men som liknar på lokalitet 3 og 4. Ein må derfor rekne med relativt därleg berg mange plassar i denne etasjen (NB. utanfor hornfelssona; sjå under).

Sandstein-kalksandstein (etasje 5a), har  $Q$ -verdiar på omkring 10-30 (godt berg).

Skifrar i etasje 4 er lite undersøkte, men ei måling ved lok. 27 (Bondibråten) viser  $Q = 7,5-8,75$  for 4cy. I lys av resultata frå skiferrik etasje 6 og målingar langs VEAS traseen er dette truleg ikkje representativt for skifrane i 4 (Kveen 1987 finn verdiar mellom 1 og 5).

Skyvesoner og andre svake soner gir som venta svært låge Q-verdiar (ca. 0,1-1), som er svært dårlig berg.

#### 4.2.2. Q-verdiar i hornfelssona

For å få fram eventuell variasjon i bergkvalitet ved aukande grad av kontaktmetamorfose, er Q-verdiar for kvar litologi (alle undersøkte lokalitetar er gitt med nr.) plotta mot avstand (i meter) frå hornfelsgrensa. Det er gjort slik at hornfelsgrensa representerer null, og kortaste avstand frå null til dei enkelte lokalitetane er målt (positive avstandar representerer lokalitetar utanfor kontaktaureola, medan negative avstandar er frå lokalitetar i hornfels).

Om ein ser bort frå sprekke- og skyvesoner (lok 10, 15 og 33) så ser det ut til at Q-verdiane i hornfelssona ( $Q = ca. 10-25-(57)$ ) er meir einsarta og jamtover høgare enn Q-verdiane utanfor. Dette er mest tydeleg i etasje 6, og er eit direkte utslag av rekrystallisasjon og utvisking av skifrigheten (redusert lagflateoppsprekking).

Kalkstein og sandstein har derimot stort sett same kvaliteten uansett metamorfosegrad.

Sjøl om skiffrane i etasje 4 ikkje er målte, er det grunn til å tru at også desse har høgare Q-verdiar i hornfelssona.

#### 4.2.3. Oppsummering

For å oppnå god stabilitet i ein framtidig tunnel bør derfor;

- a) store bergrom (tunnelkryss el.l.) leggast til etasje 7 (innafor eller utanfor hornfelssona) og ikkje til skiferrike bergartar utanfor hornfelsaureola.
- b) strekningar dominerte av hornfels, kalksteinar og sandsteinar utnyttast maksimalt.

Generelt bør ein sjølvsagt krysse så få svakhetssonar (forkastningar, skyvesoner og diabasgangar) som muleg.

### 5. DISKUSJON

#### 5.1. Generelt

Alle alternative tunneltrasear vil måtte gå ca. nord sør, sjøl om det er rom for justeringar i forhold til blant anna ingeniørgeologiske begrensningar (tegn. -01). I tråd med dei fleste forslaga vil det vere ein fordel med eit stort vegkryss rett sør for Gullhella

(tegn. -07). Dette området blir vurdert som målet for tunneltrasear i denne rapporten.

### 5.2. Topografiske forhold

Ut frå topografi aleine vil det vere ein fordel å legge ein tunneltrase til høgdedraget rett aust for Bondivatn i det ein vil kunne dra nytte av god bergoverdekning over ein lang strekning. Lengre vest vil ein tunnel måtte krysse under dalsøkk (tegn. -04), noko som vil gje dårlig bergoverdekning og truleg noko mindre fleksibilitet.

### 5.3. Ingeniørgeologiske forhold

#### 5.3.1. Store forkastningar; to hovudkorridorar

Skaugum-Gullhella forkastninga dannar ei naturleg avgrensing i området. Då denne går ca. nord-sør og dermed fell saman med hovudretningen til tunneltraseane vil det vere lite fordelaktig å krysse sona. Dette er både fordi sona er relativt brei, og fordi det vil vere unaturleg å krysse denne i den mest fordelaktige vinkelen (dvs. i aust-vestleg retning).

Ein kan derfor konkludere med at to hovudkorridorar peker seg ut, tunneltraseen må anten ligge på vestsida eller på austsida av forkastninga.

#### 5.3.2. Alternative påhoggsområde langs strekningen Høn-Fusdal (E-18)

Ein vestre trase vil kreve tunnelpåhogg ved E-18 nær Fusdalskrysset/Ertesløkka, medan ein austleg trase vil måtte ta utgangspunkt ved Høn. Det er her tatt hensyn til at Asker kommune kan tenke seg alternativ Fusdal, og at påhogg lengre aust ved Holmen er mindre aktuelt.

Det er klart at etasje 6 gir høgare Q-verdiar i Fusdal/Ertesløkka området ( $Q = (8)-11-20$ ; stort sett godt berg) enn i området Lerkeveien/Høn ( $Q = (1,25)-8-13$ ). Det må her leggast til at det forekommer ein del diabasgangar ved E-18 Høn (tegn. -13 og -04), noko som gjør at dette området ser ut til å vere mindre eigna for tunnelpåhogg enn Fusdal.

#### 5.3.3. Vurdering av bergrunnen i dei to korridorane

Q-verdiar og stabilitet. På bakgrunn av Q-verdiane (kap 4) er det ganske klart at den vestre blokka (hornfels) vil gje størst bergstabilitet. Det er viktig å legge merke til at etasje 6 vil dominere i begge korridorane. Denne bergarten er opplagt minst stabil utanfor kontaktaureola. Av profil A-A' (tegn. -05) ser ein at etasje 5a og truleg etasje 4 vil ligge ganske nære

overflata under sandsteinen. Ingen av desse etasjane burde føre til redusert stabilitet innanfor innanfor hornfelssona.

#### Dominerande sprekkeretningar

